
Saksnr: 2020/49289-8
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		08.12.2020

Møteplan 2021 for klagenemnda i Vestland fylkeskommune**Forslag til vedtak**

Klagenemnda i Vestland fylkeskommune vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2021, slik den ligg føre.

Samandrag

Klagenemnda er eit fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28 2. ledd, og er klageinstans for enkeltvedtak som er treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova.

Møteplanen for året 2021 må no fastsetjast.

Bertil Søfteland
leiar politisk sekretariat

Merethe Helland Nordnæs
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget. Departementet er klageinstans for vedtak treft av fylkestinget. Klagenemnda tek avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt mynde til andre, Jfr. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for klagenemnda pkt. 2.

Klagenemnda vedtek si eiga møteplan.

Det vert og vist til sak i fylkestinget den 29.09.2020, PS 108/20, Møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Her går det mellom anna fram i av protokollen punkt 6 at andre alle styre, råd og utval må fastsetje møteplanen for 2021, innan utgangen av året 2020.
«Heilskaplege møteplanar for 2021 skal fastsetjast av alle styre, råd og utval innan utgangen av 2020.»

Det er forslag om 6 møtedatoar for året 2021. Møtedag er torsdag/tysdag.

Under fylgjer forslag til møteplan for året 2021 for klagenemnda i Vestland fylkeskommune:

Forslag til møteplan:

- Torsdag 11/2 - Møtestad Bergen
- Torsdag 25/3 - Møtestad Bergen
- Tirsdag 4/5 Møtestad Leikanger
- Tirsdag 31/8 Møtestad Bergen
- Tirsdag 5/10 Møtestad Leikanger
- Tirsdag 7/142 Møtestad Bergen

Vedtakskompetanse

Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for klagenemnda.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant. Det er sett av midler til klagenemnda sine møter i budsjettet.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Møteplan for klagenemnda sine møter i 2021 må fastsetjast..